

Drittei hundaskit!!!

18.08.2016



Heilt unødvendig!!

No er eg fly forb.....! Ja, eg kjenner raseriet veltar inni meg! For ein start på dagen! Det første som møtte meg då eg kom ut, var hundeskit fordelt i droltar nedover fortauet. Den eine var temmeleg nedtrykt etter at nokon hadde vore uheldig og trødd på den. Eg også vart nedtrygt over å ha folk i nabolaget med så liten respekt for folk sit ve og vel!

Dagen før låg det ei solid 'avlevering' litt lenger oppe, der vegen ned til Korsnes tar av frå hovudvegen. Truleg var same hundeeigar syndaren!! Og dei hundeeigarane som drit i å plukka opp hundeskiten, skal vita at dei fleste har god oversikt over syndarane. Dei aller, aller, aller fleste brukar hundepose slik dei skal. Det er ytterst få som ikkje bryr seg om det.

No må det bli slutt på dette! I dag måtte ungane i feltet risikera å trakka i dette griseriet på veg til første skuledagen i vakre Uskedalen. Fy flate! Slik skal vi ikkje ha det!!!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland